

KYRKJEBLAD

For KVITeseid SOKN (Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen)



Les om:

Maria Nese Taxerås ny kyrkjeverje i Kviteseid, s. 4-6.

Registrering av kyrkjetekstilar i alle kyrkjene i soknet, s. 8-9.



Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITSEID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
kyrkja.no/kviteseid



Kyrkjevevjerje
Maria Nese Taxerås
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 901 61 892
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggveit
Mobil tlf: 911 83 750



Sokneprest
Sigrun Lønning
Solvang
Mobil tlf: 924 18 778
prest@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 911 20 248



Organist
Olav Holm
Mobil: 934 01 156
organist@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Bjørn Stian Sigurdslid
Mobil tlf: 970 78 771



**Trusopplærar og
kyrkjelydssekretær**
Vi har ledig 50 % fast
stilling. Ta kontakt om
dette passar deg eller
andre du kjenner.



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 911 13 580
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Dagfinn Køhn
Redaksjon: Øyvind A. Jørgensen
Framsidedelet: Detalj frå antependiet
i Kviteseid gamle kyrkje
Utforming og trykk: ETN Grafisk

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

ANDAKT

Som sokneprest i Seljord var Dag Harald Undheim i mange år fast vikar for soknepresten vår, seinast no i sommar, jamvel etter at han formelt var blitt pensjonist. Vi bad han om ei siste helsing før han forlét distriktet og flytta til Sverige.

Når Talsmannen kjem

Om me ser litt stort på det, det er ikkje så veldig lenge sidan me hadde feiring av pinse i kyrkja vår – høgtida for Den heilage ande, den tredje av dei tre høgtidene våre. På grunn av sein påske kom pinsa i år ganske seint; sundag 8. juni var fyrste pinsedag. I skrivande stund er det på datoen berre to månader sidan.

I kristentrua lærer me at me trur på ein treeinig Gud. Gud er Faderen og Sonen og Den heilage ande. Og i treeiningstida, som me er i no, er det mellom anna meininga at me skal fordjupe oss i nettopp dette - treeininga.

Ja, seier mange; alt er greitt når det gjeld Faderen og Sonen. Dei to kan eg til ein viss grad skjønna meg på. Men når det kjem til Den heilage ande, er eg ikkje med lenger. Då dett eg av lasset.

I dag stiller me eit spørsmål i denne vesle andakten i kyrkjebladet. Kven er Den heilage ande?

I ein av tekstane til sundagen føre pinse, står det skrive i Johannes 15,26:

«Når Talsmannen kjem, han som eg skal senda dykk frå Far, Sanningsanden som går ut frå Far, då skal han vitna om meg.» Her skal me mellom anna merke oss at Jesus gjer Den heilage ande til ein person, han nyttar pronomenet Han i omtalen av Heilaganden. Vidare seier Jesus veldig fint kva og kven Den heilage ande er – ved hjelp av tre gode omgrep frå rettsvesenet. Den heilage ande

er Talsmannen, han er Sanningsanden og han skal vere Vitne.

Ein talsmann i rettssystemet er ein som talar mi sak. Og den som er talsmann i retten, må halde seg til sanninga. Det ordet som vår norske bibel har omsett til 'talsmannen', har den engelske bibelen omsett til 'hjelparen', medan den tyske bibelen har nytta ordet 'trøystaren'. Kvar for seg kan alle desse orda, både talsmannen, hjelparen og trøystaren, gi ei god framstilling av kva Den heilage ande er.

Lina Sandell kan hjelpe oss til forståing. Slik skriv ho i ein av salmane sine:

*"Jeg har en talsmann tro i nøden,
en trøster og en hjælper god."*

Elegant samlar Sandell her alle dei tre omgrepa frå norsk, engelsk og tysk - talsmann, trøystar og hjelpar.

Til slutt:

I tillegg legg Jesus vekt på at Den heilage ande skal vitne. Og han skal ikkje vitne om kva som helst, seier teksten. Han skal vitne om Jesus. Og når han vitnar om Jesus, gjer han det ved å gjere seg nytte av Guds ord, det ordet som i seg sjølv er sanninga.

Det er viktig å streke under dette òg. Heilaganden skal ikkje erstatte Jesus, men peike på han, syne oss vegen til han. Han skal heller ikkje erstatte ordet, men gjere seg nytte av ordet når han syner oss Jesus.

Dag Harald Undheim

Ny kyrkjeverje i Kviteseid

Snaue ti år har gått sidan Kyrkje-bladet kunne ønskje velkomen den førre leiaren for kontoret til Kviteseid sokn. I april i år vart Maria Nese Taxerås tilsett som etterfølgjar og ny kyrkjeverje, og måndag 4. august hadde ho sin første arbeidsdag.

Ein blid og smilande vestlending helsar oss frå skrivebordet på sitt nye kontor. Rundt henne på pulten er det mange små og mindre papirbunkar og i hylla bak henne ei mengd med store permar. Det er så ein stakkar kunne få pustevanskar, men situasjonen ser ikkje ut til å skremme den nye leiaren.

- I store trekk veit eg nok kva eg går til i denne jobben, seier ho. Dei siste sju åra har eg hatt ei tilsvarande kyrkjeverjestilling på Vegårshei, og eg vil tru at eg kan ta med meg mykje erfaring frå arbeidet mitt der. Dei store og overordna trekka i arbeidet er dei same, og dessutan vil det nok også vere lokale tilhøve som kan samanliknast. Samstundes ser eg allereie no at mykje vil vere nytt og annleis her i Kviteseid. Mellom anna har de her fleire kyrkjer og kyrkjegardar enn eg er van med frå Vegårshei. Men eg gler meg til å bli kjend med tilhøva her – som bygningar og uteområde, men ikkje minst folk; stab, sokneråd, kyrkjelydar og kommuneadministrasjon.

- Kva var det som fekk deg til å søkje stillinga her hjå oss?

- På sett og vis kom ho nærmast rekande på ei fjøl – eller kan hende heller som sendt frå himmelen? Eg og mannen min, som forresten kjem nettopp frå Vegårshei, er glade i natur og friluftsliv. Vi har lenge hatt sans for naturen og fjella i Telemark, og vi har snakka om å flytte til eit område med t.d. meir stabile snøtilhøve. Som ved eit tilfelle fekk vi høyre om ein eigedom ikkje så langt herifrå, garden Klauvreid på Austheii i Tokke. Vi fall pladask for staden; det fine tunet, dei velhaldne bygningane og eit hovudhus som ein kunne flytte direkte inn i. Så vi slo til, kjøpte garden og flytta inn for få veker sidan, mannen min og eg og ei dotter på fire år. Men ein føresetnad for å ta dette skrittet var at eg kunne få meg ein jobb, så då denne stillinga i Kviteseid vart lyst ut, passa det heilt perfekt!

- Du nemnde at mannen din kjem frå Vegårshei. Kva med deg sjølv; du høyrest ikkje ut til å vere noko innlandsmenneske?

- Nei, eg er vel nærast for ein stril å rekne. Eg kjem frå Sotra, ei øy utanfor Bergen, i tidlegare Fjell, no Øygarden kommune. Der vaks eg og mine tre yngre søsken opp i eit godt og trygt miljø, inkludert tilbod frå den lokale kyrkjelyden; søndagsskole og andre aktivitetar gjennom oppveksten. Mellom anna var eg i fleire år med i speidaren, noko som i sin tur vekte interessa mi for natur og friluftsliv. Etter ungdomsskole og

vidaregåande gjekk turen til Stavern og eit år på Fredtun folkehøgskole.

- Og så gjekk vegen til vidare studering?

- Ja, i 2009 flytta eg til Kristiansand og til universitetet i Agder. Der studerte eg religion, etikk og kultur i tre år, fram til bachelor i 2012. Eg likte meg godt i byen, så eg vart verande som student der i tre nye år, då ikkje på universitetet men på NLA Gimlekollen, der eg studerte journalistikk; også det fram til ein bachelor.

- Etter ei slik utdanning hadde du vel høve til å velje arbeid eller karriere i ulike retningar? Var du heile tida innstilt på ei kyrkjeleg teneste?

- Eigentleg ikkje. Men eg hadde heller ikkje tankar om å jobbe med media. Vi hadde gifta oss ei stund før eg var ferdig med studiane, så vi flytta til Vegårshei, der vi bygde hus. I utgangspunktet var eg open for ulike typar arbeid, gjerne noko som hadde med menneskelege relasjonar å gjere. I studietida hadde eg t.d. hatt helgearbeid i

heimesjukepleia, eit felt eg hadde prøvd meg på allereie i feriane på vidaregåande. Det enda opp med at eg i nokre år hadde to deltidsjobbar, og den eine av desse var i kyrkja, som trusopplærar på Vegårshei. Den andre var i butikk, hos Rema 1000 på



Familien på plass på Klauvreid; Maria saman med mannen Kristian og dottera Tiril (4).



Maria på plass på kontoret.

Brokelandsheia langs E-18, ein stad som mange vegfarande veit om og nyttar seg av. Denne dobbeltkøyringa heldt eg fram med til eg så vart kyrkjeverje våren 2018.

- Apropos køyring: Du nemnde at du lenge har vore interessert i å reise?

-Ja, og heldigvis har også mannen min det slik. Vi to har gjennom åra reist ein heil del; lange turar med gode opplevingar i fleire land. Dei seinare åra har det likevel blitt mindre av dette, etter covid og auke i familien. Om ikkje så lenge ventar vi ytterlegare familieauke, så dei store turane må nok såleis vente endå ei tid framover.

- Korleis starta denne interessa?

- For meg personleg starta det nok først og fremst på vidaregåande. Andre året der hadde eg som utveksling til USA, med gode opplevingar gjennom eit år ved Hillcrest Lutheran Academy i Fergus Falls,

Minnesota. Og gjennom utdanninga eg seinare valde, fekk eg høve til vidare farting rundt om i verda. Såleis fekk eg verdfulle inntrykk og bokstaveleg talt ein utvida horisont. Året på folkehøgskolen innebar ei reise til Ecuador, der eg som frivillig gjennom Misjonsalliansen jobba i seks veker på eit senter for funksjonsnedsette. Og som om ikkje det var nok: Saman med ein forelesar brukte vi i løpet av religionsstudiet eit heilt semester på ei rundreise i Asia, der vi gjennom praksis og deltaking lærte om ulike religionar. Til slutt må òg nemnast at også journalist-studiet medførte utanlandstur; denne gong ein studietur til Kenya og Tanzania.

- Kva gjer du så når du ikkje jobbar og ikkje er på lange turar?

- Vel, gjennom åra har eg hatt glede av å vere med i fleire kor i ulike kyrkjelydar. Eg har sans for både det musikalske, det sosiale og den innhaldsmessige formidlinga som karakteriserer slike samanhengar. Elles har eg allereie nemnt natur og friluftsliv. I forlenginga av dette er eg glad i ulike typar trening, ikkje minst sykling, både langs landeveg og i terreng. Når vi no har fått Austheii som base, skulle det vere meir enn nok høve til å praktisere ein slik hobby, og skulle tilværet stundom også tilby inneliv og stillesitjing, likar eg godt både å strikke og å saume.

- Det høyrest ut til at du neppe vil få problem med å fylle dine avgrensa tjugefire timar i døgnet i tida framover. Vi i kyrkjelyden og i Kyrkjebladet ønskjer deg i alle høve velkomen til Kviteseid, lukke til og Guds velsigning i tenesta di her!

D.K.

Liv og røre på Vrådal gamle kyrkjegard

Tekst og foto: Jan Gunnar Breivik

Gjennom fleire år har velvillige bygdefolk årleg gjort ein god dugnadsinnsats for å rydde til og halde i stand Vrådal gamle kyrkjegard på Roholt. Gamle tre, kratt og runnar har blitt fjerna, spontaket på inngangsportalen har blitt reinsa, bord har blitt skifta ut, muren har blitt reparert og gravminne har blitt retta opp og pussa, slik at skrifta har blitt synleg. Dette har m.a. resultert i at det har blitt ein årleg tradisjon å feire gudsteneste her kvar Kr. himmelfartsdag.

Etter eit innspel frå Hans Øy vart det for eit par år sidan sett ned ein komité som skulle arbeide fram eit forslag til ei tavle med orientering om kyrkja og gravplassen. I tillegg til Hans Øy sjølv, vart Leif Roholdt og Øyvind Jørgensen med i komitéen, med sistnemnde som leiar. Undervegs i prosessen har desse drøfta m.a. tekst og tematikk, avgrensinga av tema og

storleiken og utforminga av plakaten: Korleis er historia? Kor mykje skal vi ha med? Kva er mest relevant, og korleis bør det bli formulert? Komiteen meinte òg at tavla måtte ha ein engelsk tekst, og ei profesjonell omsetjing er gjort av Per Kristian Halle i Bø. Som blikkfang har komitéen også etter avtale med familien fått med teikninga som Aadne Lønnegraff i 1928 laga av den gamle, åttekanta kyrkja.



På Kristi himmelfartsdag i år var rundt nitti personar samla til friluftsgudsteneste på den gamle kyrkjegarden. Véret var strålende og kyrkjegarden nyridda og pynta til fest! Og kva passa vel betre på ein slik festdag enn å få vere vitne til at Therese Eilefsen og Joakim Strand bar vesle Maren til dåpen! Vrådalskoret under leiing av Hallvard Jørgensen deltok med vakker song. Tradisjonen tru inviterte Marit Sørby til skikkeleg heimelaga rjomegraut etter messa. Smaken var, som vanleg; himmelsk! Samstundes vart den flotte, nye informasjonstavla markert. Kviteseid sokn rettast stor takk til komitéen for den gode jobben dei har gjort!



Soknerådsleiar Marit Sørby takkar komitéen for godt arbeid. F.v. Leif Roholdt, Hans Øy og Øyvind Jørgensen.

Viktig registreringsarbeid i kyrkjene

Hanne Julie Gåsø Roholdt og Herdis Nordbø Jørgensen har registrert tekstilgjenstandane i alle kyrkjene i Kviteseid. Oppgåva er praktisk talt gjort ferdig, men nye opplysningar dukkar stadig opp, og nye ting skjer. I innleiinga til dei permane som blei resultat av arbeidet, datert 26. februar 2022, fortel dei dette om arbeidet:

«For et par år sidan, medan vi gjekk ein tur i skogen og tala om laust og fast, kom vi også inn på tekstilane i kyrkjene våre. Her er mykje fint og verdifullt handverk. Svært mykje av det er utført av kvinner, og arbeidet deira bør både bli verdsett og gjort merksam på. Og så tala vi om kor viktig det er å ta godt vare på desse tekstilane.

Kyrkjetekstilar - også kalla paramenter - er viktige for kyrkjeromet og har ein viktig funksjon i kyrkja sitt liv. Dei er med på å markere at kyrkja er eit vigsla, kristent hus. Med sine fargar og sin rike symbolikk gjer dei hovudinnhaldet i kristentrua synleg, og dei byggjer opp om liturgien og syner særpreget i kyrkjeårstidene. Dessutan gjer dei kyrkjeromet vakkert og godt å vere i.

Ganske snart fekk vi ein idé om å gjere ei registrering av tekstilane i alle kyrkjene i kommunen. Vi starta dette arbeidet i juni 2021 og har besøkt alle kyrkjene, utanom Kviteseid gamle kyrkje, då tekstilane i denne kyrkja ligg på kyrjekontoret om vinteren.



Hanne (t.v.) og Herdis med det ferdige registreringsarbeidet.

På kommunehuset er det også lagra ein del tekstilar som er tekne ut av bruk.

Vi har sett på og skriv om kvar tekstil for seg, for alle paramenta er unike og interessante i materiale og teknikkar, symbolbruk og historie. I tillegg til å greie ut om sjølve handverket, materiala og teknikkane har vi også ynskt å få fram kva symbolikken uttrykkjer og korleis dei ulike tekstilane blir brukt. Dessutan har vi prøvd å finne ut mest mogleg om historikken til kvar ting. Mykje informasjon har vi funne på kyrjekontoret og i Kyrkjebladet. Vi har også med nokre punkt om riktig oppbevaring og stell av kvar tekstil.



Gamalt altarduk frå Brunkeberg kyrkje



Messehaket i Kviteseid kyrkje

det kan vi sjå i skildringa av teknikken i den gamle altarduken frå 1934 i Brunkeberg kyrkje:

«Blonda er i Telemarksbinding. Stjerner med åtte blad er brodert (stoppingsteknikk) inn etterpå. Deretter er korsa brodert inn ved stopping og samantrekking. I blonda er det vekselvis Andreaskors og stjerne. I hjørna er blonda rynka saman. Borden i duken har dobbel uttrekkssaum og fleire symbol er sett inn med stopping. På kvar side er ein bord i enkel uttrekkssaum med stopping. Innanfor blonda er det ein fald på 4 cm med dukhjørne. Falden er sydd opp med holfald. Innafor falden er det ei rad med austmannarenning, som går over tre trådar. I overkanten mellom austmannarenninga og enkel uttrekkssaum er tungesting.»

Herdis har arbeidd meir med symbolbruk og historikk. Alle symbola på gjenstandane gjev uttrykk for innhaldet i den kristne trua. Det same gjer dei fire liturgiske fargane, grøn, kvit, raud og fiolett. Ei viktig oppgåve i registreringa har også vore å dokumentere historia til gjenstandane. Då er det spesielt viktig å få skrive ned dei opplysningane som berre finst i minnet hos folk eller munnleg mellom dei.

Paramenta vi har funne, er dokumentert og forklara med tekst og foto. Arbeidet er samla i permar med plastlommer. Dette er gjort for at det skal vere enkelt å føye til nye opplysningar, både om dei tekstilane som no eksisterer og dei som seinare vil kome til.»

Hanne har stått for den handarbeidsfaglege kompetansen. Ho er utdanna ved Statens lærerskole i forming, Oslo. Registreringane ligg derfor på høgt fagleg nivå. Eit døme på

«Registreringsarbeidet har vore spennande, interessant og lærerikt», seier Hanne og Herdis. «Vi vil gjerne takke alle som har hjelpt oss med å finne opplysningar. Framfor alt vil vi uttrykkje vår respekt for alle dei som har laga dei flotte kyrkjetekstilane våre, og ikkje minst for dei som har gjeve tid og pengar så vi skulle få dei.»

ØAJ

Årets konfirmanter



Øverst til venstre:

*Casper Roholdt (Kviteseid), Andreas Breidalen Skjæveland (Kviteseid),
August Mikelskas (Vrådal), Håvard Brekka (Kviteseid)*

Midten til venstre:

*Sigrun Lønning Solvang (sokneprest), Iris Andersen Berge (Brunkeberg),
Marte Straand (Vrådal), Tobias Nekstad Grave (Vrådal), Knut Olav Slette-meås (Brunkeberg),
Inger S. Holm (medhjelpar)*

Framme til venstre:

Liv Heddejord (Brunkeberg), Åse Aarbakk (Kviteseid), Håkon Nordbø Venås (Vrådal)

Ikkje med på biletet:

Øyvind Breidalen Skjæveland (Kviteseid)

Livsteikn frå ein tidlegare sokneprest

Møyfrid Lunde i Stavanger

No er det gått halvanna år sidan eg flytta frå Kviteseid til Stavanger. Det er med stor glede og takk-semd eg tenker tilbake på åra eg fekk saman med dykk. Eg ber med meg menneskemøte, naturopplevingar, kulturmøte, kyrkjelege og andeleg erfaringar som ein rikdom i hjarte og minne. Og eg set alltid pris på å høyre frå dykk og lese helsingar.



Då eg flytta hit i fjor, kom eg både til noko kjent og til noko nytt. Jobben min er i Varden, ein av to kyrkjelyder i Storhaug bydel. Eg er oppvaksen i bydelen og var aktiv speidar i Varden både som barn, ungdom og vaksen. Og eg har blitt tatt veldig godt imot.

Då eg starta her i fjor, var eg ein av tre nye i staben, så vi har brukt litt tid på å bli kjente med både kvarandre og andre nye i kyrkjelyden. Det har vært kjekt å registrere auka oppslutnad om gudstenestene. Mellom anna er det fleire unge som har byrja å gå fast til gudsteneste sjølv om foreldra deira ikkje har vært kyrkjengjarar tidlegare.

Elles er bydelen her i stor endring for tida. Kommunen har tillate mange byggeprosjekt med store blokkar langs sjøen. No i haust opnar ein ny skule og ny barnhage i tillegg til dei som er i bydelen frå før. Utviklinga går fort, og som kyrkje er vi opptatt av

kva det gjer med fellesskapet mellom folk i bydelen. Vi ynskjer å bidra til gode menneskemøte og samarbeider med andre gode krefter i bydelen for at barn og unge skal oppleve tilhøyrslø og få ein trygg og god oppvekst her. I bydelen er det også fleire sjukeheimar, og kyrkja er jamleg på besøk med andakt eller nattverdgdustenester.

Som kyrkjelydsprest er oppgåvene mine mykje det same som i Kviteseid, og eg opplever at folk er folk anten dei bur på bygda eller i byen. Det som gjer jobben min mest annleis her, er måten prestenesta er organisert på med tanke på fordeling av gravferder og vigslar. Det gjer at eg oftast har gravferd eller vigsel av folk som bur andre stader enn i bydelen vår. Sjølv liker eg best å gjere dette for dei som bur i mitt eige sokn. Eg liker å tenke på Storhaug som ei bygd i byen.

Eg håpar de held fram å nytta dei fine kyrkjebygga i kommunen dykkar i både glede og sorg. Hugs at kyrkja først og fremst er dykk, når de samlast i tillit til Jesus.

Beste helsing frå Møyfrid

Tårnagent-helg i Kviteseid kyrkje

Laurdag 22.mars vart det arrangert Tårnagentdag for dei i 3 og 4-klasse. Det var eit spennande og kjekt opplegg for dei som var med. Dei flinke tårnagentane deltok aktivt på familiegudstjenesta 23.mars.



Vest-Telemark

GRAVFERDSBYRÅ

Tidlegare Tokke begravelsesbyrå
og Seljord gravferdsbyrå

DØGNVAKT
928 13 634

Gravferdstenester. Gravstein.
Omsliping, påskrift, vask og oppussing
av eldre gravstein.

www.vtgravferd.no

Ein salme eg er glad i

Når vi spør Jørgen Moen i Lundevallsgrendi om ein salme han er glad i, går tankane hans med ein gong til barndomen. Han blir varm i stemma når han fortel om Anna Lie, som var læraren hans på Dalane skule. "Ho var som ei mor for oss, ei fantastisk lærarinne som hadde omsorg og lærte oss mykje."

Også i heimen til Jørgen var det song. "Mor song for oss om kvelden frå vi var bitte små. Eg hugsar veldig godt ho song 'Å bån og veslegut' av Jørund Telnes for oss."

"Den fyrste salmen eg hugsar eg lærte, var 'Med Jesus vil eg fara'. Det var i fyrste eller andre klasse. Vi måtte pugge salmeversa, men det hadde vi ikkje vondt av", seier Jørgen. Sidan har både denne salmen og mange andre fylgd han opp gjennom livet.

Jørgen Moen var trufast med i kyrkjekoret i mange år. "Det hende nok meir enn ein gong

at eg kom heim etter ein dag med mykje tal og rekning og tenkte 'orkar eg ut i kveld', men etter å ha vore på koret, kom eg heim som eit nytt og anna menneske. Å syngje gjer mykje godt."



"Med Jesus vil eg fara" er skriven av Elias Blix (1836-1902) i 1875. Blix var teolog, filolog, politiskar og salmediktar, og ein ivrig målmann. Andre salmar han er kjent for, er m.a. "Gud signe vårt dyre fedreland" og "No livnar det i lundar." Han har også skrive "Å, eg veit meg eit land" om landsdelen han voks opp i.

"Med Jesus vil eg fara" handlar om å vere hos Jesus gjennom heile livet, frå "fyrste vår" til "siste slutt". Av dei fem versa er det fyrste, andre og femte mest bruka.

ØAJ

Med Jesus vil eg fara
på livsens ferd i lag.
Gud, lat den samferd vara
alt til min døyand dag.
Det er mi høgste æra,
det er mi største ros,
hans fylgjesvein å vera
og vandra i hans ljós.

Min Jesus, sannings stjerna,
lys opp min mørke veg!
Mitt hjarta vil så gjerna
få fylgja etter deg.

Du lyser enn i verdi
som før frå Betlehem.
Ver du mitt ljós på ferdi,
til heim med deg eg kjem!

Du til di grein meg sette
alt i min fyrste vår,
med livsens dogg meg vætte,
gav sol og signa år.
Du vil òg vokster gjeva
alt til min siste slutt:
Lat meg i deg få leva,
i deg få anda ut!

Tusen takk for di g ve!

Jamvel om vi n  pr ver oss med annonsar i bladet v rt, er vi avhengige av frivillige g ver, og vi er sv rt takksame for alle som st r oss og p  den m ten hjelper oss med   gi ut bladet.

Om nokon er interesserte i   annonsere, er det berre   ta kontakt med kyrkjeverja p  telefon 35 06 81 31 eller 901 61 892.

Kontingent for kyrkjebladet for 2025: kr 200,- pr. husstand

Bruk bankkonto 2660.45.14648, eller Vipps til nr 3850, kategori ‘3 Kyrkjebladet’.

Med bruk av vipps kan du sj lv aktivere skattefr drag p  alle dine g ver til Kviteseid sokn.

Tusen takk for di st tte!

Kvittering

Innbetalt til konto

2660.45.14648

Bel p

Betalerens kontonummer

Betalingsinformasjon

GIRO

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Kviteseid sokn
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Kroner

 re

Til konto

<

>

2660.45.14648

LIVETS GANG sidan sist kyrkjeblad

Døypte

Kviteseid

Torje Hovden
Guro Lia Bakken
Ludvig Torsdalen Sverre

Brunkeberg

Elisabeth Ek Nordskog

Vrådal

Maren Eilefsen Strand
Olliver Åmlid Hauge
Ellinor Johanne Steen

Vigde

Kviteseid

Astrid Durdei Midtsund
og Heiko Heilmann

Helene Stensrud
og Arild Flatland

Brunkeberg

Karoline Grutle og
Øystein Nord Sandvik

Døde

Kviteseid

Olaf Kjell Lie
Signe Aud Jore

Sigrid Tveit Borgenvik

Anne Brauti

Ingunn Kari Berger

Sigrid Kleiv

Brunkeberg

Åsne Heistad

Styrkår Berge

Eivind Aasmundtveit

Anne Kallåk

Vrådal

Inger Gräs Halvorsen

Kviteseid gml.

Leif Arne Midtsund

KALENDER

Konsertar i Kviteseid kyrkje

Også denne sesongen har me mykje musikalsk å glede oss til i Kviteseid sokn!

Sundag 23. november inviterer Kviteseid Hornmusikk til konsert saman med Kim Rysstad. Konserten er ein del av markeringa av 100-års-jubileet til hornmusikken, og denne kvelden ventar me mykje folk i Kviteseid kyrkje.

Onsdag 3. desember vert det som vanleg òg ein konsert-bolk under den etter kvart tradisjonelle graut-avslutninga for føremiddagstreffet – også det i Kviteseid kyrkje.

Konsertar nærare jol kjem vi tilbake til i neste nummer av Kyrkjebladet.

Babysong

Misjonshuset, Kviteseid

Om lag kvar torsdag kl. 11-13

Føremiddagstreff

Misjonshuset, Kviteseid kl. 11

sept.: onsdag 24.

okt.: onsdag 29.

nov.: onsdag 26.

des.: onsdag 3.: adventskonsert i kyrkja

Språkkafe

Misjonshuset, Kviteseid

tysdagar kl. 15.30

tysdag 02.09; 07.10, 04.11 og 02.12.

RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

GUDSTENESTELISTE

SEPTEMBER 2025

Sun. 07.09. – 13. s. i treeiningstida

Vrådal kl. 17.00

Familiegudstneste

Takkoffer til kyrkjelydens trusopplæring

Sun. 14.09. – Vingardssøndag

Dyrsku´n i Seljord

Inga messe i soknet

Sun. 21.09. – 15. s. i treeiningstida

Kviteseid kl. 11.00

Familiegudsteneste.

Haustattakkefest. 4-års-bok

Takkoffer til Kvitsund gymnas

Sun. 28.09. – 16. s. i treeiningstida

Brunkeberg kl. 11.00

Takkoffer til MaMA Children Center of Norway

OKTOBER 2025

Sun. 05.10. – 17. s. i treeiningstida

Fjågesund kl. 11.00

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Sun. 12.10. – 18. s. i treeiningstida

Inga messe i soknet

Sun. 19.10. – 19. s. i treeiningstida

Kviteseid kl. 11.00

Gullkonfirmanfest etter messa

Takkoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt

Sun. 26.10. – Bots- og bøneding

Vrådal kl. 11.00

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

NOVEMBER 2025

Sun. 02.11. – Helgemesse

Kviteseid kl. 11.00

Sun. 09.11. – 22. s. i treeiningstida

Inga messe i soknet

Sun. 16.11. – 23. s. i treeiningstida

Kviteseid kl. 11.00

Takkoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt

Sun. 23.11. – Domssøndag/Kristi kongedag

Inga messe i soknet

Sun. 30.11. – 1. s. i advent

Kviteseid kl. 11.00

Familiegudsteneste.

Kalender til 5-åringar. Lys vaken

Takkoffer til kyrkjelydens trusopplæring

DESEMBER 2025

Sun. 07.12. – 2. s. i advent

Brunkeberg kl. 17.00

Ljosmesse

Takkoffer til Kvitsundrussens misjonsprosjekt

Sun. 14.12. – 3. s. i advent

Kviteseid kl. 17.00

Adventskonsert

Takkoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt

Sun. 21.12. – 4. s. i advent

Inga messe i soknet